

NR. 4

1986

19. ÅRG.



*Konfirmanter i Ytre Arna 1985. Foto: Wespestad.*

**KONFIRMASJON I ARNA**

Sjå side 10-11

# Frykt derfor ikke .....

*Forgjeves står dere tidlig opp, forgjeves går dere sent til bords og spiser det brød som dere har slitt for. Det samme gir han sine venner mens de sover.*

SALME 127.2

*Med disse ordene vil salmisten vise oss vår avmakt og Guds allmakt, hvor lite vårt eget strev, kav og mas gagnar. Gud vil så gjerne lære oss hvor nødvendig det er å ta oss tid sammen med han. Hos han kan vi få legge alle våre bekymringer fra oss, fra de minste til de største. Gud har ikke satt deg og meg inn i denne verden og sagt: «ordne deg som best du kan!»*

*Nei, han vil så gjerne ta seg av den enkelte av oss, han vil at vi skal leve så nær han at vi kan be om alt.*

*Kanskje sier du: «Det hjelper så lite å be, jeg føler at min bønn ikke når lenger enn til taket, og så får jeg så lite eller ingen hjelp». For det første så er Gud også under hvert eneste tak, så han hører i alle fall. Men hjelpen blir kanskje sjelden akkurat slik som vi ønsker, men slik Gud ser det er best for den enkelte.*

*Lever vi nær Gud i bønn og i Ordet, skal vi få merke hans nærhet, kraft og hjelp.*

*Kan vel hans allmakt komme klarere frem enn i Matt. 6.27:*

*«Hvem av dere kan vel med all sin bekymring legge en eneste ån til sin livslengde?»*

*Eller Matt. 10. 30-31a: «Ja hvert hår dere har på hodet er talt. Frykt derfor ikke!»*

*Er det da nødvendig å slite og streve både for seg selv og for sine? Gud kan gi oss det vi trenger på mange underlige måter — han ser det nødvendig.*

*Likevel skal vi få takke både for mat, helse og arbeid. Også det er Guds omsorg og gaver, som skal få brukes i samsvar med hans vilje. Holder vi oss nær til Gud i Ordet og brønnen, skal den enkelte av oss få erfare hans kraft, hjelp og nærhet.*

*La oss derfor ikke glemme at Gud er en levende og nærverende Gud.*

## MØTE

### Betania Lone:

Lør. 26/4: Ungd.kv. BUF

Søn. 27/4: Israelsmisjonen

Tor. 1/5: Y-ungdom.

Song- og musikk møte

Lør. 3/5:

Søn. 4/5: Søndagsskule IM.

Tor. 8/5: Helgetorsdag

Lør. 10/5:

Søn. 11/5: NLM

Tor. 15/5: Nattv.møte

Lør. 17/5: BUF

Søn. 18/5: Søndagsskule

Pinsedag

Man. 19/5: 2. Pinsedag

Tor. 22/5: BUF

Lør. 24/5: Laurdagssaml. kl. 16.00

Søn. 27/5: Yngresstemne

Tor. 29/9: IM

Lør. 31/5: Ungd.kveld BUF

Søn. 1/6: Søndagsskule

IM. Innsaml. til Betania.

Tor. 5/6: NML

### Arna Bedehus:

Tor. 24/4: Kl. 19.00 Basar

Arna Indremisjon

Søn. 27/4: Kyrkjelydstreff

Søn. 4/5: Kl. 19.00 Møte

Søn. 11/5: Kl. 19.00 Møte.

Talar Harald Sundsbø

Lør. 17/5: Familiefest.

Søn. 25/5: Kyrkjelydstreff

Søn. 1/6: Tur til Øygarden.

Møte i Hellesøy

bedehus. Musikklaget

vert med.

Søn. 8/6: Kl. 19.00 Møte. Nordhord-

land Indremisjon

Søn. 15/6: Kl. 19.00 Møte.

### Ytre Arna bedehus:

Lør. 17/5: Fest kl. 19.00

Talar Nils Arne Lavik

### Haugland bedehus:

Lør. 17/5: Familiefest.



Sommaren 1985 var det Oasehelg på Frekhaug. Nokre vener kjende seg drevne og leida til å gå i gang. Og Nordhordland Folkehøgskule stilla seg velviljuge å ta mot. — Det vart vellukka. Folk fekk eit nytt møte med Herren og mange reiste oppmuntra attende til heimane sine.

Med ein gong kom det ynskje om ny OASE-HELG sommaren 1986. Og denne oppmoding har me kome i møte. Det vert OASE på Frekhaug 13.-15. juni. Flg. kjem som talarar: Sokneprest Rolf Wiersholm, dagleg leiar av OASE, Jens Petter Jørgensen, dagleg leiar Ungdom i Oppdrag, Arne Nordal m/fl. Musikk og song: Organist Rolf Årdal, Anne Hilde og Arve Reigstad. Vidare deltek andre musikk og songkrefter.

Det vert eigne program for born. Ungdomstreff er og i programmet. I juli vert det Nordisk OASE i Kristiansand. Men det er langt å reisa. Derfor ser mange med glede på at me får OASE-møter nærare.

Det er både idyllisk og ideelt å koma til Frekhaug. Folkehøgskulen ligg som ei perle ved fjorden med velstelte parkanlegg og leikeplassar. Der er symjehall disponibel til dei som vil ha ein dukkert. Der er rikleg med grupperom og møterom. Billeg overnatting og mat. Der er ideelt for teltleir og campingvogner.

Skriv etter program til Nordhordland Folkehøgskule mrk. OASE-86. Me ser fram til ein rik week-end 13.-15. juni 1986.

OASEKOMITEEN


Olav Hesjedal

N.B.!

Adr.: Folkehøgskulen,


5110 Frekhaug,

Tlf. 37 80 08.



# Barneside


REBUS-LØSNING NEDERST  
PÅ SIDEN.



Joh. 12, 1-3.

I Betania bodde tre søsken; Marta, Maria og Lasarus. De hadde Jesus til venn og han var også svært glad i disse tre. Teksten forteller om et av besøkene hans der. En stund før dette besøket var det bare Marta og Maria som bodde i huset. Lasarus bodde ikke der da, han hadde ikke reist bort, men han var død. Jesus hadde gitt han livet tilbake og nå var alle tre samlet. På hver sin måte viser de hvor glade de er over å ha Jesus hos seg. Fordi Jesus var Guds sønn, kunne han gjøre Lasarus levende igjen, og det var også derfor Jesus kunne gå levende ut av graven sin og tilbake til far sin i himmelen. Vi må slik som søskene i Betania, la Jesus få være hos oss.

KIRKENS NØDHJELP



i neste nr.

HUSK FJELLREGLENE

## KONFIRMANTWEEK-END PÅ KVAMSHAUG



Også i år har konfirmantane i prestegjeldet fått reisa på week-end. Ikkje all for mange konfirmantar meldte seg på til turen som gjekk til Kvamshaug ei helg i februar, men dei som reiste hadde ein fin tur. På Kvamskogen var det strålende ver og mykje snø. Derfor var det sett av god tid til uteaktiviteter både lørdag og søndag. Ei gruppe bruka lørdagen i skitrekket, medan andre gjekk på tur. Nokon på ski, andre på beina. Om kvelden var det tid for samvær og film.

Lørdag morgon var det bibeltime med gruppearbeid og søndag heldt kateketane gudsteneste. Sjelvsagt var det og underhaldning og ymse anna.

Bilda våre viser konfirmantar i aktivitet både ute og inne.

Weekend-turar som dette er eit viktig miljøtiltak for konfirmantane, som skal fremja samarbeid og trivsel.

Vi skulle derfor ynskja at fleire konfirmantar vil delta på desse turane. Kanskje foreldre og føresette til framtidige konfirmantar kan oppmodast til å senda konfirmantane på nettopp slike turar.





**Gi livet en sjanse**

Postgiro 5 20 09 02  
Bankgiro 6029.63.25050

**KIRKENS NØDHJELP**

Underhaugsv. 15, 0354 Oslo 3

# KONFIRMASJONEN

- ein forbløffande tilslutnad!

Av Dagfinn Hauge

13. januar 1986 var det 250 år sidan vi her i landet fekk den fyrste lov om konfirmasjon og konfirmantførebuing. Jubiléet vil sikkert bli feira over heile landet i bygd og by. Det dreiar seg om kyrkja si fremste ungdomsopplæring som i alle desse åra har samla praktisk tala all vår ungdom. Dessutan har konfirmasjonen vore ein folkepedagogisk kulturinnsats av uante dimensjonar.

— Men no er det vel slutt på herlegdomen? Avkristninga skrid fram og færre og færre let seg konfirmere?

— Nei, så men: Sidan konfirmasjonen for relativt få år sidan vart heilt frivillig, har den på ein overraskande måte greidd å halde på ungdomen. Dei faktiske tilhøva er at tilslutnaden i dei seinare åra har hatt ein stigande tendens. For tida melder ca. 90 % av all ungdom seg til konfirmantførebuing. I tillegg kjem dei frikyrkjelege som også har sin form for konfirmasjon. Lag ikkje avkristning der den ikkje foregår, slik som motstandarane våre gjerne gjer det!

— Kva kan denne forbløffande tilslutnaden etter 250 år kome av? Ja, sei det! Det heng nok saman med trongen for ei høgtideleg markering

av overgangen frå born til vaksen, og dei fleste synast vel at dei ikkje har noko betre alternativ. Dessutan kan det henge saman med at kyrkja i adskillige år har arbeidd med å fornye den tradisjonsrike ungdomsopplæringa.

Massemedia har heilt til det siste prøvd å hamre inn det uærlege ved å avlegge løfte som dei unge ikkje vil holde, og dei har hatt store vanskar med å oppdage at kyrkja ikkje lenger ber om noko løfte. Det kan stå som eit eksempel at han som skriv desse linjene ikkje blei avkrevd noko løfte ved sin konfirmasjon i 1923, og at han i sine mange presteår aldri har teke noko løfte av konfirmantane. Klokeleg lot kyrkja ordninga med løfte bli avvikla gjennom ei overgangstid. I dag er det ute av biletet.

Dertil kjem at kyrkja stadig arbeider med den pedagogiske sida av saka. Dei unge vert invitert til leirar, utfart og ulike aktivitetar. Kyrkja kan med frimod feire 250-års jubiléet for konfirmasjonen med glede. Men det skal ikkje hindre at jubiléet fyrs og fremst må bli ein impuls til stadig betre innsats.

## JUBILEUMSSKRIV

I samband med jubiléet har Nemda for Takvam kapell gjeve ut eit jubileumsskriv.

Kvar heim i krinsen har fått eit eksemplar, det same har andre som er knytt til kapellet.

Skulle nokon ynskja å kjøpa heftet, kanskje for å gje det bort, kan du venda deg til kyrkjetenaren i Arna, M.J. Ulveseter. Heftet kostar kr. 10,- pr. eks.

## HYBELKOMFYR

Haugland Yngreslag melder at dei har behov for ein hybelkomfyr med steikeovn.

Dersom nokon har ein slik ståande utan å vera i bruk, tar Haugland Yngreslag i mot den med takk.

Kontakt i så fall Tormod Hans-tveit på telefon 24 26 27.

## Takvam kapell 60 år

1. april 1926 vart Takvam kapell vigsla av prost Vasstrand. Da 60-årsjubiléet var i påska, vart jubiléet utsett til søndag 6. april. Det vart høgtida med ei festgudsteneste i kapellet ved sokneprest Øy, prost Olav Fjose og ei gruppe frå Arna kyrkje som deltok med song.

Dagen var fin. Vårsola skein inn på den feststemde kyrkjelyden. Kapellet var heilt fullsett, og klokketonar, musikk, song og ord gjekk saman i ein heilskap.

Prost Olav Fjose tala over likninga om sennepsfrøet som vaks og vart til eit tre. Han tok fram fleire døme frå si lange presteneste som understreka spirekrafta til Guds Ord. Det tilhøyrarane truleg vil hugsa best var det han fortalde frå Sverige i okkupasjonstida. Saman med ein annan soldat baud han inn til samvær om Guds ord.


Lokalet var ikkje nett så stort, men Guds ord spira. Kvar einaste veke vart nye vunnne for Gud av soldatflokket. Fjose tok og opp spørsmålet: Korleis kjem kapellet inn i dette? Han kunne fortelja at statistikken syner at i dag reiser ikkje folk lange vegen for å høyra Guds ord. Difor trengs gudshuset i nærmiljøet så Guds ord kan nå ut og veksa.

Etter gudstenesta var det fest i Tunes bedehus. Flagget var i toppen og festnemnda hadde stelt alt fint i tand. Det var meir enn fullsett rundt norda då Haldor Romslo ynskde velkommen.

Kari Takvam hadde skrivi og ho framførte ein prolog der ein for sitt indre auge kunne sjå folket i eldre tider i slit og kvardag, men og høgtidsferdene til Haus-kyrkja. Vidare om kapellet som folk reiste og som dei no strevar med å få gjort større.

Hauspresten bar fram ei helsing i kåseriform om utsynet frå prestekontoret (Takvam, Tunes, Garnes) og om tilhøva før og no.

Arna Kyrkjekor hadde to avdelingar med innhaldsrik og fin song. Til



Takvam kapell ca. 1930.

bordseta høyrdde god mat. Denne gongen var det smørbrød, kaffi og balutkake.

Høgdepunktet var vel for dei fleste talen av Bergfrid Fjose. Ho hadde som tema: «Mennesket på leiting». «Kven leitar de etter?» spurde engelen ved grava. Dette vart så vidareført på oss menneske i dag. Dei fleste leitar etter noko. Svaret er å finna hjå den levande Kristus. «Å salige stund utan like ...»

Under programposten «attersyn» fortalde Håkon Tunes, Magnhild Blom m.fl. frå den første tida kapellet var til.

Arna Sokneråd ved formannen, Leif Grøteide, overrekte gåve på kr. 500,- og vidare kom det inn jubileumsgåve på kr. 4.300,-.

Det var og helsingar frå biskopen, domprosten og frå vikarprest N.A. Mjøs. Sokneprest Øy bar også fram helsing og han ynskde til lukke med arbeidet vidare.

Sokneprest Sellevold avslutta jubileumsfesten med å minna om orda hjå profeten Haggai om å byggja opp igjen Herrens tempel:

«Er det tid for dere å bo i bordkledde hus så lenge tempelet ligger i grus ..... Bygg tempelet, så vil jeg ha behag i det og vise min herlighet der, sier Herren».

Referent

# NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



## Døypte

### Arna sokn:

- 16.03: Kim André Kleiveland  
Tollefsen, Bjarne Hansen,  
Christoffer Sæle og Kjersti  
Træland.  
30.03: Mads Arne Skingen  
Hundhammer.  
30.03: Silje Hauge. Døypd i  
Oppheim krk.  
06.04: Elisabeth Fjellro.



## Døde

### Arna sokn:

- 26.02: Laura Skulstad f. 1907.  
03.03: Gudbjørg Havre f. 1905.  
16.03: Jan Einar Haugland f. 1974.  
17.03: Ingrid Minde f. 1920.  
24.03: Mons Langhelle f. 1898.

### Ytre Arna sokn:

- 22.03: Odd Jens Berg, f. 1925.  
23.03: Arthur Nedrebø, f. 1926  
30.03: Marta Steinsland f. 1918



## Vigde

### Arna sokn:

- 22.03: Arild Steffenssen og Marit  
Møn.  
05.04: Jarle Olsen og Ann Kristin  
Herland.

### Ytre Arna Sokn:

- 16.03: Det norske  
Misjonsselsk. kr. 1967,-  
30.03: Den norske  
sjømannsmisj. kr. 1695,-  
06.04: Kristent arb.  
blant innvandrere kr. 403,-

### Ytre Arna sokn:

- 23.02: Morten Haukeland, døypd i  
Birkeland kirke.  
09.03 Thor-Henning Loftås, døypd  
i Åsane kirke.  
13.04 Oddvar Skadal, Daniel  
Kvarstein.

## Ofringar

### Arna Sokn:

- 09.03: Den norske Israelsmisjon  
kr. 2420,-  
16.03: NMS kr. 3221,-  
23.03: Samemisjonen kr. 1267,-  
27.03: Misjonen bak  
jernteppet kr. 1895,-  
30.03: Sjømannsmisjonen kr. 2777,-  
31.03: Kyrkjelydshuset kr. 2299,-  
06.04: Kyrkjelydsarb. kr. 808,-

### KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.  
Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Ingebjørg Ragnhildstveit,  
Ragnhild Rein, Harald Sundsbø, Kåre Kvalvåg.  
Forretningsfører: Bjørg Hellesøy.  
Bladpengar: kr. 30.-.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

## Kateketen har ordet



Av Harald Haugsvær

Konfirmasjonsåret er snart slutt. Konfirmasjonsgudstenesta, som markerer avslutninga på konfirmasjonsåret, står for døra. Kva har konfirmasjonsåret gjeve dei unge?

Målet for konfirmasjonstida er å vekka og styrkja det tru livet som vert gitt i dåpen, for at dei unge kan leva og veksa som Jesu Kristi læresveinar.

Har vi makta å realisera denne målsetjinga?

Vi trur ikkje at noko menneske av seg sjølv kan få seg til å tru på Jesus Kristus. Det er åleine Gud ved sin Heilage Ande som skaper trua gjennom nådemidla: Ordet og sakramenta. Åndeleg liv og vekst er Guds verk.

Men vi har ansvar for å leggja til høva til rette slik at dette kan skje. Vi må hjelpa konfirmantane til å leva som kristne i forsaking, tru, tilbeding og teneste.

I konfirmasjonsåret legg vi difor m.a. vekt på at dei unge skal ta del ved gudstenester i kyrkjelyden. Dette fordi gudstenesta er den naturlege samlinga for alle kristne i kyrkjelyden.

Men kvifor ser vi så få av dei unge kristne igjen i kristne samlingar etter konfirmasjonsåret? Er det noko ved opplegget vårt som sviktar?

Vi veit at unge i tenåra er avhengige av å knytta seg til nokon. Ofte vert det ei jamnaldningsgruppe eller ein gjeng. Og det gruppa eller gjengen seier og gjer, betyr ofte mykje meir for dei unge enn det foreldre og konfirmantlærar seier.

Legg vi for stor vekt på kunnskaps-sida og for liten vekt på miljø-sida i

opplegget for konfirmantundervisninga?

Heile kyrkjelyden har ansvar for dei unge. Enn om vi delte på å ha nærkontakt med dei unge?

Konfirmantane er på leiting. Dei treng å ha nokon å snakka med, dela sine tankar og problem med. Dei har behov for nokon å kjenna seg trygge saman med slik at dei kan våga å snakka også om sin tvil og si tru. Det er ikkje alltid lettast å ta slike ting opp med foreldra.

Kanskje nokon i kyrkjelyden kunne påta seg å halda nærkontakt med 2-3 konfirmantar gjennom konfirmasjonsåret — og helst og året etter? Då ville vi kan henda få oppleva at fleire av dei unge kom aktivt med i kyrkjelyden. Her ligg ei utfordring til oss vaksne i kyrkjelyden.

## 17. MAI 1986

### 17. mai fest i

**Arna Bedehus kl. 18.30.**

Tale ved Bjørg E. Olsen.

Allsidig program for alle aldrar.

Rømmegraut, pølser, brød  
og ketchup!!!!

Kaffi og kaker.

Barn, unge og eldre

er vel møtt!

Etter festen vert det spesielt  
nach-spiel for ungdom.

**Arr.: Arna Kyrkjekor/  
Ungdomsrådet i Arna**

## HAR DU BIL?????

Frítidstilbodet for funksjonshemma har behov for folk som kan kjøra klubbmedlemmane til og frå klubben.

Dette er ei praktisk teneste for dei funksjonshemma, der alle som kan disponera ein bil på onsdagskveldane.

Klubben startar kl. 18.00 og er ferdig kl. 20.00.

Ver venleg og kontakt Asbjørn Padøy på telefon 24 08 87.

## Konfirmantar i Arna kyrkje

SØNDAG 4. MAI KL. 10.00:

Borge, Frode  
Borge, Terje  
Davidsen, Robert  
Dolvik, Morten  
Hauge, Kurt  
Helle, Hans Petter  
Husøy, Svein Olav  
Larsen, Asbjørn  
Lie, Halvar  
Mo, Geir Arne  
Mæstad, Arne  
Mæstad, Inge  
Rolland, Atle Børje  
Skagen, Arve  
Skjoldal, Kjetil

Steffensen, Ole  
Straume, Johannes  
Økland, Kjell Arve  
Åsvang, Paul

Akselberg, Trude Kathrin  
Birkeland, Jane  
Indrearne, Kija  
Lohne, May-Linn  
Rosvold, Eli  
Telstø, Anne-May  
Wik, Elisabeth  
Aakre, Inger Johanne  
Aasheim, Hege

SØNDAG 4. MAI KL. 12.15:

Halland, Kenneth  
Gunnarskog, Brynjar  
Fjørtoft, Tor Erlend  
Drangsholt, Ole Jørgen Halland  
Hauge, Ørjan  
Heggheim, Ole Jørgen  
Hordvik, Stig Anton  
Johnsen, Tore Moltu  
Larsen, Kenneth  
Loftås, Bjørn Eirik  
Lohne, Asle  
Nesse, Helge  
Nilsen, Rune  
Rosendahl, Svein Arne  
Viste, Arild  
Aasheim, Roger Myklebust  
Astvedt, Christer

Ekse, Linn Christin  
Halland, Anette Marie  
Halland, Ann Kristin  
Hauge, Bente  
Haugland, Monica  
Hellegård, Hilde  
Hjellum, Jannicke  
Hope, Marit Irene  
Hundhammer, Bente Merete  
Lie, Britt  
Listøl, Anne Gro  
Mæland, Ingvill  
Nilsen, Kjersti  
Sveen, Margareth Benedikte  
Thorsvik, Lin Birgitte  
Totland, Heidi  
Wallem, Randi

TORSDAG 8. MAI KL. 10.00:

Berntsen, David  
Bøe, Trond Jarle  
Heitmann, Øyvind  
Herland, Trond  
Hovden, Eivind  
Hårvik, Jan Frode  
Indrevær, Tony  
Kalsaas, Atle  
Knudsen, Frode  
Midttun, Knut Erik  
Natås, Anders  
Oldervoll, Bjarte  
Stavøstrand, Gustav  
Strømsnes, Cato  
Torgilstveit, Anders

Askeland, Kathrine  
Berge, Gro  
Bildøy, Sissel  
Bjørkås, Kari  
Boge, Gudrun  
Brusdal, Mette  
Engelsen, Vibeke  
Engen, Connie Merete  
Gripsgård, Tove Helen  
Hartveit, Monika  
Kleiveland, Bente  
Kleiveland, Mette  
Minde, Lena  
Munch Jensen, Heidi  
Nøking, Siren

Opedal, Marita  
Sletten, Mariann  
Småland, Mona  
Tunes, Weronica Gro  
Tveit, Anita Merete  
Tveranger, Turid  
Vevle, Nina

TORSDAG 8. MAI KL. 12.15:

Borge, Eirik  
Eliassen, Kenneth  
Grøteide, Øyvind  
Heimvik, Ernst Robert  
Iversen, Tore  
Klementsens, Frode  
Knudsen, Stig André  
Langeland, Kristian  
Ludvigsen, Tor Marteng  
Molvik, Bjarte  
Molvik, Helge  
Nesøy, Kenneth  
Norheim, Kåre Olav Seglem  
Spang, Jan Helner  
Tangen, Kjell-Egil  
Tveitevåg, Morten  
Utkilen, Frode

Aasen, Arild  
Aasen, Kjell

Akselberg, Kristin  
Berge, Lis Merete  
Gustavsen, Janniche  
Hekland, Line Therese Eide  
Høgstein, Anita Margrethe  
Jørgensen, Randi  
Lauvås, Laila  
Molvik, May Britt  
Myhr, Sonja  
Myking, Wenche  
Ritland, Gro  
Stiansen, Henriette  
Tvedt, Anita Thorbjørnsen  
Høisæter, Marit

## Konfirmantar i Ytre Arna kyrkje

SØNDAG 4. MAI KL. 10.00:

Blom, Toy Tore  
Boge, André  
Damminger, Jostein Wilhelm  
Olsen, Bjarte  
Opheim, Harald  
Skoglund, Kenneth  
Sylta, Magne Kvamme  
Torvund, Ronny

Frantzen, Astrid Tafjord  
Fylkesnes, Bente  
Gaupås, Maj-Gret  
Hagen, Trine  
Helgá, Cecilie Bergheim  
Nilsen, Therese Sæther  
Risøy, Ingunn Maria  
Steinestø, Hilde  
Torvund, Janne

SØNDAG 4. MAI KL. 12.00:

Haugland, Trond Helge  
Johansen, Stig Ove  
Kalvik, Tore André  
Klungland, Terje  
Kronen, Kjetil  
Olsen, Bjarte  
Olsen, Stig Gøran  
Stamneshagen, Gunnar  
Titlestad, Jan Ove  
Vatle, Olav

Wik, André Leknessund  
Waage, Stig

Birkeland, Merete  
Enoksen, Belinda  
Jacobsen, Irene Kristine  
Myhr, Therese  
Natås, Mona  
Strømme, Karianne  
Vågenes, Jannicke

## Konfirmantar i Trengereid bedehusapell

SØNDAG 11. MAI KL. 11.00:

Kvam, Trond  
Vedaa, Øystein

Kjellesvik, Jill Kristin  
Tunestveit, Belinda Margrethe

# Fellesmøte i Arna

Arna Sokneråd inviterte alle nemnder og råd i kyrkjelyden til fellesmøte i kyrkjestova torsdag 3. april.

Dette var kvelden då representantar frå alle arbeidslag i kyrkjelyden sat saman med soknerådet og samtala om dei ulike aktivitetane i kyrkjelyden.

Utgangspunktet for samtalanane var dei ulike nemnder og råd sine årsmeldingar for 1985.

Det var og sett av tid til kaffi og kaker.

Bildet visar ein del av forsmalinga i god drøs over kaffi- og tekoppene.



11 12 1  
Minutpreken

Av Harald Stene Dehlin (Fra Misjonsvennen)

— *Ein turr brødbit i ro og fred er betre enn festmåltid med trette i huset.* (Ordt. 17.1)

Dei fleste menneske er heile livet igjennom på jakt etter noko som er betre. Dei ynskjer seg ei betre stilling, ein betre bustad, betre løn, betre helse, betre vener, betre kår i det heile!

Og vi har lett for å tru at alt som er «betre» har samband med pengar og kroppskrefter, med «saker og ting». Men vismannen seier: «*Ein turr brødbit i ro og fred, er betre enn festmåltid med trette i huset.*»

I den gamle omsetjinga heiter det at ein turr brødmole med ro attåt, er betre enn huset fullt av slakt, med trette til.


Nå må dette vere klart at «huset fullt av slakt», ein rik» romsleg og velforsynt heim svært godt kan vere ein freds-bustad. Det er ikkje tala på roma, varemengda og bankkontoen

som i den siste instansen er det avgjerande i denne saka.

Men er luksusbustaden eller det velutstyret aksjehusværet prega av trettesykje, misnøye og kjærleiks-

Forts.

ja til livet!



aksjonsdager i Oslo 10.-11. mai

## ABORTSAKEN ER IKKE DØD!

— De siste par årene har det kommet en ny giv og et sterkere engasjement i kampen for livsrett og menneskeverd. Folk ser at det nytter å arbeide. Vi håper derfor på full oppslutning fra kristenfolket under Folkeaksjonen JA TIL LIVET som arrangeres i Oslo 10. og 11. mai -86.

Det er rektor Svein Granerud, formann i Folkebevegelsen for Livsrett og Menneskeverd, som sier dette.

Folkeaksjonen JA TIL LIVET er ment som en storsamling for å markere motstand mot den nåværende abortlov og demonstrere for vern av det ufødte liv.

— Det er viktig å markere overfor folkeopinionen og mediene at abortsaken ikke er død. Vi vil ved forkynnelsen av Guds ord vekke til ansvar for menneskets livsrett og verdi og

forsøke å skape en holdningsendring, understreker Granerud.

Kristne ungdomskor fra hele landet er utfordret til å være med disse dagene under mottoet «Syng for livet».

Det arbeides ellers for å legge de praktiske forhold best mulig til rette, blant annet med å skaffe overnattingsplass til de som ikke selv kan ordne seg med et sted å bo.

Folkeaksjonen JA TIL LIVET går i regi av Folkebevegelsen for Livsrett og Menneskeverd og Norsk Pro Vita, og den støttes av samtlige større kristne organisasjoner og kirkesamfunn i landet.

For nærmere opplysninger: Folkebevegelsen for Livsrett og Menneskeverd, Boks 40, Ankertorget, 0135 OSLO 1.

Forts. frå s.12

løyse, ja då kan ein vere betre stilt med ein turr brødbit.

Lykka, freden er når alt kjem til alt temmeleg uavhengig av ytre kår, i alle høve har ikkje dei mykje omtala «omstendighetene», «samfunnet» eller «miljøet» avgjerande verd, når det dreier seg om å eige «fred med Gud i godt samvet». Guds fred kan ikkje kjøpast for pengar, og den kjem ikkje til syne korkje i fast eigedom eller i stilreint lausøyre. «Den overgår all forstand», skriv Paulus til venene sine i Filippi, der apostelen sjølv og Silas, medhjelparen hans, i si tid song lovsongar i fengselet!


## Min Kirkebok i ny utgave

Min kirkebok vil være kjent i alle norske menigheter, brukt som den er som gave til alle fire-åringar.

Den første utgaven kom i 1972 og det var Marit Rypdal i IKO som sto bak tiltaket.

Nå er hun igang med en ny utgave. Med seg i arbeidet har hun Eivind Skeie, dikterpresten som også skriver for fjernsyn, og tegneren Toril Marø Henriksen.


Dette er en bok som det er grunn til å glede seg til å få i hendene.



# Arna Kyrkjelydsskule

inviterer til

## Kyrkjelydstur til Hamre kyrkje ons. 21. mai



Hamre Kyrkje

Båt frå Steinestø kl. 18.00.  
(Retur ca. kl. 21.30). Det vert omvisning og andakt i gamle Hamre kyrkje. Etterpå vert det mat og kaffi i Hamretun bygda-hus.

Pris pr. person: ..... kr. 60,-  
Pris pr. ektepar: ..... kr. 90,-

Påmelding innan 13. mai til:  
Kyrkjekontoret Indre Arna,  
tlf. 24 04 00/24 02 15 eller

Kyrkjekontoret Ytre Arna,  
tlf. 24 85 86.

### BLOMSTER

til enhver anledning!  
Ring vår blomstertlf.

24 25 95

**K.a.s. Sarepta**

5260 Indre Arna

### I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

*Kleiveland*

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

### Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

### Solstrand

### Begravelsesbyrå

Herm.Fossgt. 11, tlf. 32 55 50

Alltid til tjeneste



### VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN,  
avd. Arna

### Kranser

### Bårebuketter

### Espelend Gartneri

5230 ESPELAND, tlf. (05) 24 08 09

ARTHUR HOPE

### ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisetelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyfer. Monumenter besørjes oppsatt.

Banken i Arna frå 1866

### SPAREBANKEN



AVDELING ARNA

— til bygdefolket sitt beste



Aut. bilverksted  
Aut. dekkforhandler

GODE TILBUD  
PÅ DEKK OG  
REKVISITA!

GOD SERVICE —  
RIMELIGE PRISER —  
HYGGELIG MILJØ!

Velkommen til vår  
bensinstasjon!

Arnatveit Auto Senter

J.B. Myklestad

5260 Indre Arna

Tlf. 24 07 40



Skal det vera TV — Elektrisk —  
Belysning. Hugs at vi har lavaste  
pris, og det De kjøper her kan De  
få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 81 88

Arnatveit — telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største  
kjede av elektriske forretninger  
EL-KJØP



# Velkommen til kyrkje

- April 27.** Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Folkebevegelsen for livsrett og menneskeverd. Søndagsskule. Kyrkjekaffi.  
Arna kl. 19. Ungdomsgudsteneste. Samtale med konfirmantane frå Lone.  
**Ytre Arna kl. 19.** Res.kap. Sundsbø. Samtale med konfirmantane.  
**Trengereid kl. 11.** Sokneprest Øy. Nattverd.
- Tirsd.**
- 29. april**
- Onsd.**
- 30. april**
- Mai 01.** Arna kl. 19. Samtalegudsteneste for Indre Arna og Ådnamarka.  
Arna kl. 19. Samtalegudsteneste for Garnes og leirskulen.  
**Ytre Arna kl. 10.** Familiegudsteneste. Sokneprest Øy og Iver Høy. Takkoffer til Kristne arbeideres forbund.
- Mai 04.** Arna kl. 10. Sokneprest Øy. Konfirmasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
Arna kl. 12.15. Sokneprest Øy. Konfirmasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
**Ytre Arna kl. 10.** Res.kap. Sundsbø. Konfirmasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
**Ytre Arna kl. 12.** Res.kap. Sundsbø. Konfirmasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- Mai 08.** Arna kl. 10. Sokneprest Øy og res.kap. Sundsbø. Konfirmasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
Arna kl. 12.15. Sokneprest Øy og res.kap. Sundsbø. Konfirmasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- Mai 11.** Arna kl. 11. Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Institutt for sjelesorg. Søndagsskule.  
**Ytre Arna kl. 11** Forstandar Audun Tang. Nattverd. Takkoffer til dei fire diakoninstitusjonane.  
**Trengereid kl. 11.** Res.kap. Sundsbø. Konfirmasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- Mai 17.** Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Festgudsteneste. Takkoffer til Arna Søndagsskulelag.  
**Ytre Arna kl. 10.** Sokneprest Øy. Festgudsteneste.  
**Trengereid kl. 11.30.** Sokneprest Øy. Festgudsteneste. Takkoffer til Arna søndagsskulelag.
- Pinsedag**
- 18. mai** Arna kl. 11. Sokneprest Øy. Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til Nordhordland Indremisjon.  
**Ytre Arna kl. 11.** Res.kap. Sundsbø. Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til Nordhordland Indremisjon.  
**Trengereid kl. 18.** Sokneprest Øy. Høgtidsgudsteneste.
- 2. pinse-**
- dag**
- 19. mai** Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til dei fire diakoninstitusjonane.
- Mai 25** Arna kl. 11. Sokneprest Øy. Takkoffer til kyrkjelydsarhuset. Søndagsskule.  
**Ytre Arna kl. 11.** Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Ytre Arna kyrkjeor syng.
- Juni 01.** Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Dronning Mauds Minne. Søndagsskule. Kyrkjekaffi.  
**Ytre Arna kl. 11.** Krins.sekr. Hageberg. Nattverd. Takkoffer til Den norske santalmisjon.
- Jun 08.** Arna kl. 11. Familiegudsteneste. Sokneprest Øy. Takkoffer til Kristen filmtjeneste/Kristelig Kringkastingslag.  
**Trengereid kl. 11.** Res.kap. Sundsbø. Nattverd.